

## **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.02.2017**

**Referat frå AU-møte i RMNF den 05.01.17:**

**Møteleiar: Kjell Håland, leiar**  
**Referent: Merethe Helland Nordnæs**

**Saker:**

### **Sak 35/16 Årsmelding for RMNF for året 2016**

Arbeidsutvalet gjekk gjennom årsmeldinga for 2016. Dette møtet var primært eit arbeidsmøte for årsmeldinga 2016. Årsmeldinga vil verte lagt fram møte i RMNF den 01.02.2017 og til fylkestinget den 07.03.2017.

Layout: Same type layout som ifjor. Merethe har kontakta ein kollega på informasjonsavdelinga, som kan hjelpe til med dette.

Rådets samansetning.

Rådets mandat.

Rådets oppgåver/arbeid. Kjell Søvik sitt innlegg, med nokre justeringar frå Kjell Håland.

Orientering om synfaring ved tannlegevakten i Solheimsviken og på Hordaland teater.

RMNF har gjennomgått brann- og evakueringsrutinar i fylkesbygget.

Generell side til slutt.

**Andre saker:**

### **Sak. Saksliste og program for møtet 01.02.2017:**

Kl. 09.00 – kl. 09.30: Orientering om arbeidet med handlingsplan for menneskeverd, ved Birte Markeseth Åsen, Organisasjonsavdelinga.

Kl. 09.30 – kl. 09:50: Orientering om «Regional plan for kompetanse og arbeidskraft» - orientering om status for arbeidet, ved Camilla Løvaas Stavnes, Regionalavdelinga.

Kl. 09.50 – Sakshandsaming

**Referatsaker:**

Nytt fast medlem i rådet, May Eva Sandvik (H)

Nytt varamedlem i rådet, Mona Røsvik Strømme (H)

**Deltasenteret**, nettverkssamling i Bergen den 08. og den 09.05.2017 i Bergen på Hotell Ørnen. Rådets medlemmer kan melde seg på.

### **Meldingssak i AU-møtet:**

Oppnemning av regionalt brukarutval i Helse Vest 2017-2019, kandidatar til regionalt brukarutval. Rådet har ikkje medlemmar der. Henvendelsen bør gå til FFO.